



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 28, 25. august 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Stolar er stolne?

Høgskulen etterlyser 10 heilt nye hagestolar som vart sett ut i samband med semesteropninga 16. august, men som sidan ikkje har vore å sjå. Stolane er grøne og laga av metall. Gi melding til eigedomsavdelinga ved Høgskulen om stolane har vorte flytta ved eit mistak.



### SEANSE arrangerer konferanse: Internasjonal teaching artist (ITAC)

Seanse senter for kunstproduksjon ved Høgskulen i Volda arrangerer "[The 6th International Teaching Artist Conference, Oslo 2022 \(ITAC6\)](#)" med ART AS A CATALYST FOR CHANGE som hovudtema. Konferansen blir arrangert i Oslo 1-3. september 2022 i Sentralen. Det er over 200 påmelde til konferansen og i tillegg til hovedprogrammet blir det 62 parallelle sesjonar med bidrag frå meir enn 36 land.

[LES MEIR](#)

# Studium og studentliv

## **Kantinemenyen: Gratis graut til studentar (mellom kl 8-10).**

måndag: vegetarlasagne med salat og brød 14.90,-

tysdag: dampa ørretfilet med smørsaus og ovnsbakte poteter 14.90,-

onsdag: kebabbuffet 14.90,-

torsdag: ball med tilbehør 14.90,-

fredag: tacobuffé 14.90,-

I tillegg har kantina heimelaga suppe kvar dag.

Ikkje minst: Komande veke blir det også gratis graut til studentane frå kl. 8-10 måndag-fredag.

## **Sivolda: Jenny Nystad er ny styreleiar i Studentsamskipnaden**

Student Jenny Nystad har vorte vald til ny styreleiar i Sivolda etter student Irmelin Johanne Angell Losvik som har vore styreleiar i tre år. Nestleiar er student Severine Riise Eidem. Dei andre styremedlemmene er student Daria Jermacane, prorektor Odd Helge Mjellom Tonheim (utpeika av HVO) og Malèn Renate Sætre som er vald av dei tilsette i Sivolda.

## **Sivolda: Volda kommune vil ha vurdering av naustplanane**

Sivolda har søkt om byggeløyve for to naust ved Rotevatnet. [Saka ligg til behandling i Volda kommune](#). Kommunen har bede om uttale i saka frå Statsforvaltaren, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Volda sentrum grendalag og frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal. Høyringsfristen er 5. september først etter høyringa vil det bli gjort politisk vedtak i saka.

## **Helsestasjonen - gratistilbod for studentar**

Helsestasjonen er et samarbeid mellom Volda kommune, Studentsamskipnaden og Høgskulen i Volda. Tilbudet er gratis for alle unge og studenter uansett alder i Volda. [Les meir om helsestasjonen på nettsidene våre](#).

## **Biblioteket - både sosialt og læring for studentar**

Ein stad å kunne senke skuldrane, ta ein kaffi, lære med og av andre, få hjelp av flinke bibliotekarar eller nyte stillheita medan du les – bli med inn i biblioteket og sjå alt dei har å tilby studentane i Volda! [Les meir om biblioteket på Høgskulen i Volda](#).

## Studentlag og organisasjonar: Mykje og mangfaldig

Høgskulen i Volda har eit rikt og mangfaldig utval av studentlag og -organisasjonar. Her er det mykje moro å engasjere seg i, og som vil gi nye og gamle studentar eit miljø som kan kome godt med i studietida og seinare i livet. [Les meir på nettsidene våre.](#)

# Fag og forskning

## Studentforskning: Voldastudent har publisert i tidsskriftet Heimen

I siste nummer av Heimen er det ein interessant artikkel av Ruth Anne Andersen: "[Simonetha – kvinna som ikke lydde presten](#)". Dette er ein mikrohistorisk artikkel med enka Simonetha Kruse frå Helgeland i fokus, som følgjer rettsprosessen mot henne for seksuell omgang med sine tenestejenter på 1840-tallet og følgjene den fekk for henne i lokalmiljøet.

Andersen var i fjor student på KUM309 Mikrohistorie, og artikkelen er ei vidareutvikling på oppgåva ho leverte inn i dette emnet. Temaet er norsk skeiv historie, nærare haldningar til sex mellom kvinner på 1800-tallet. Emneansvarleg på kurset er [førsteamanuensis Harald Johannes Krøvel](#).

## Utdanningsutvalet: Revidert kvalitetssystem og ph.d.-søknaden

[Utdanningsutvalet har sitt neste møte 31. august](#), og på dagsorden står to store og viktige saker: Revisjon av kvalitetssystemet og ph.d.-søknaden i Humaniora og utdanningsvitskap.

## Forskningsutvalet: Møte 30. august

[Forskningsutvalet har sitt neste møte 30. august](#). På dagsorden står fleire saker: Vurdering av tiltak i forskingsmeldinga for 2021, vurdering av ordninga med såkornmidlar, støtte til utanlandsopphald i 2023, vurdering av planane for ph.d. i humaniora og utdanningsvitskap og program for forskingsdagane.

# Utlysingar og fristar: Utdanning, forskingsmidlar og forskingsaktivitetar:

## Informasjonsmøte om EU-forskning 6. september

Informasjonsmøtet vil gje fagtilsette informasjon om mulegheitene innenfor EU og Horisont Europa. [Les meir om møtet.](#)

## Forskingsleiarprogram hausten 2022 – påmeldingsfrist 26. august 2022

Som eit ledd i å styrke HVO sine faglege miljø inviterer forskingsadministrasjonen hausten 2022 interesserte til å delta på eit internt forskingsleiarprogram. Programmet er særleg relevant for forskingsgruppeleiarar og for dei som seinare kan tenke seg å leie større forskingsprosjekt og/eller forskingsgrupper. Samlingane hausten 2022 vert 28.-29. september og 21.-22. november på Hotel Alexandra, Loen. [Meir informasjon om programmet og påmelding finn du her.](#)

## Høgskulepedagogiske emne: Framleis ledige plassar – søknadsfrist 25. august

Det er framleis ledige plassar på fleire emne i høgskulepedagogikk. Søknadsfristen er 25. august og nytt av året er at også tilsette ved Høgskolen i Molde kan delta på emna. [Prodekan Silje Ims Lied](#), AHL, er fagleg ansvarleg for det høgskulepedagogiske tilbodet og sende fredag 12. august invitasjon til alle tilsette på Høgskulen i Volda med informasjon om ledige emne og datoar for samlingar. [Klikk her for å søke om opptak på emna på EVUweb på nettsidene våre.](#) [Les meir om utdanningsfagleg kompetanse.](#)

## Nytt om namn på HVO

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)

## **Kari Ryslett har fått opprykk til førstelektor**

[Kari Ryslett](#), AHL, har fått personleg opprykk frå høgskulelektor til førstelektor i mat og helse. Ryslett vart tilkjent kompetansen ved å søke på ei stilling ved Universitetet i Sør-Aust Noreg.

# Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

## **Synnevåg Løvoll og Sæther om arktisk villmark i "Frontiers in Psychology"**

[Professor Helga Synnevåg Løvoll](#), AKF og [professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, har publisert artikkelen [«Awe Experiences, the Sublime, and Spiritual Well-being in Artic Wilderness.»](#) i tidsskriftet Frontiers in Psychology.

## **Marie Nedregotten Sørbo om ironi i omsetting av Jane Austen**

[Professor Marie Nedregotten Sørbo](#), AHL, har kome med ny artikkel: [‘The Challenges of Translating Jane Austen’s Irony: Samples from 150 years of Norwegian Versions of the Novels’](#). Sørbo blei invitert til å bidra til spesialnummeret ‘Jane Austen: Work, Life, Legacy’ av redaktøren, Dr Sandie Byrne, frå Universitetet i Oxford, og det aktuelle tidsskriftet Humanities er ope tilgjengeleg på nett. Artikkelen handlar om utfordringane ved omsetting av ironi og humor, som Sørbo også har skrivt om i boka Jane Austen Speaks Norwegian (2018), og sjølv prøvd seg på i den nye omsettinga si av Northanger Abbey (2022).

## **Alf Roger Djupvik om Skjønsetøving i NAV**

[Dosent Alf Roger Djupvik](#), ASH, har saman med Magne Eikås (HVL) publisert artikkelen "[Skjønnsutøving i NAV – Korleis opplever tilsette handlingsrommet i aktiveringsarbeidet?](#)" i Tidsskrift for velferdsforskning.

### **Marina Cano Lopes om Covid i tidsskriftet Women's Studies**

[Førsteamanuensis Marina Cano Lopez](#), AHL, har publisert artikkelen "[Every Covid Has a Silver Lining: Woman´s Experiences and Potential Feminist Futures beyond the Pandemic](#)" i tidsskriftet i tidsskriftet Women´s Studies. An interdisciplinary journal.

### **To artiklar i internasjonale tidsskrift av Aske Håberg**

Førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg, AHL/Institutt for pedagogikk har fått publisert to vitskaplege artiklar i internasjonale tidsskrift. Den første artikkelen har tittelen "[Valued Learning Topics in Kindergarten](#)" og er publisert i tidsskriftet Global Education Review. Her blir barnehagefeltet belyst gjennom bruk av fokusgruppeintervju med tema som kva er viktigast at barn får lære før skulestart (svaret er sosial kompetanse ifølge informantane).

Den andre artikkelen har tittelen "[Bridging troubled water: Preparing school through play and special activities in kindergarten](#)" i tidsskriftet BUKS - Tidsskrift for børne- og ungdomskultur. I artikkelen vert det undersøkt korleis barn blir førebudde til skulestart gjennom bruk av særskilde aktivitetar og vektlegging av lek. I artiklane blir det peika på avstanden mellom nordisk barnehagepedagogikk- og tradisjon og den norske skulen si vektlegging av kompetansemål og formell læring, som kan tolkast som eit forholdsvis stort gap og spenningsfelt.

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Møre og Romsdal fylke skal tilsette prosjektleiar for lærarutdanning i Kristiansund - Søknadsfristen 28. august 2022.**

Møre og Romsdal fylkeskommune har [lyst ut ei prosjektleiarstilling som skal halde til ved Campus Kristiansund](#) og som blant anna skal arbeide for å utvikle lærarutdanning i Kristiansund i samarbeid med Høgskulen i Volda.

## **Førstekonsulentar i Studieadministrasjonen (vikariat) - søknadsfrist 29. august 2022**

Høgskulen i Volda har ledig to vikariat i 100 % stilling som førstekonsulent. Det eine har start snarast, det andre med ønske om start ca. 15. oktober 2022. Innhaldet i stillingane er i endring og den som blir tilsett vil få høve til å utforme stillinga i lag med studiedirektør og kollegaer i Studieadministrasjonen. Vi søker deg som kan handsame ulike forvaltningssaker som ligg til studieadministrasjonen. Det kan vere arbeid i samband med opptak og ulike saker knytt til studie- og eksamensgjennomføring, i tillegg til generell rådgjeving for studentar. Stillinga rapporterer til studiedirektøren.

[Les meir om stillingane og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Økonomirådgjevar i Fellesadministrasjonen – søknadsfrist 31. august 2022**

Ved økonomiavdelinga i Fellesadministrasjonen ved Høgskulen i Volda er det ledig 100% fast stilling som økonomirådgjevar frå 1.11.22. Vi søker deg som har lyst til å vere ein del av eit godt fagmiljø, og har interesse og forståing for økonomi og økonomiske prosessar og er god på å bruke digitale løysingar. Du vil bidra inn eit aktivt miljø som har ansvaret for økonomistyringsprosessane og innkjøpsarbeidet ved høgskulen. Økonomiavdelinga har seks tilsette og har ansvar for den totale økonomiforvaltninga ved høgskulen. I tillegg har avdelinga ansvaret for innkjøpsprosessar i samarbeid med eigeomsavdelinga. Vi samarbeider tett med dei faglege avdelingane.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen (DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Medieingeniør til medieutdanninga i Volda - søknadsfrist 1. september 2022**

Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda har flytta inn i nytt mediebygg og treng fleire tilsette.

Vi utvidar no den tekniske staben og har omgåande ledig ei heil fast stilling som medieingeniør. Stillinga vil ligge under fellesadministrasjonen ved avdelinga.

Det medietekniske fagområdet er inne i ei rivande utvikling med nye løysingar for innhaldsproduksjon og publisering, og broadcast og IT smeltar meir og meir saman. Vi ønsker oss difor ein person som er opptatt av innovasjon og utvikling, men som også kan bidra godt inn mot dagens løysingar. Stillinga vil saman med den øvrige tekniske staben ha ansvar for utstyr og tekniske løysingar, rettleiing og support.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Økonomirådgjevar ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning - søknadsfrist 2. september 2022**

Høgskulen i Volda, avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, søker etter rådgivar i fast stilling frå 1.10.2022. Den som vert tilsett vil samarbeide nært med fagleg tilsette og andre tilsette i administrasjonen ved avdelinga. Stillinga rapporterer til administrasjonssjefen. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Ingeniør - eigedom - søknadsfrist 10. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda er det ledig fast 100% stilling som ingeniør frå 01.01.2023. Stillinga er plassert i fellesadministrasjonen under Økonomi og eigedom. Eigedomsteamet består av fire faste stillingar og for tida to vikariat. Eigedomsteamet er leia av driftssjef som har det overordna ansvaret. Høgskulen leiger primært bygningar av Statsbygg men også av andre.

Vi søker etter ein person som evner å planlegge, gjennomføre og avslutte mindre ombyggingar i samarbeid med høgskulen sin rammeleverandørar, men som og likar å arbeide fysisk med dei daglege oppgåvene som må gjerast på skulen. [Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Førsteamanuensis/ førstelektor/ høgskulelektor i medieproduksjon - søknadsfrist 12. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag, har vi ledig ei 100% fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor ved Institutt for film og animasjon, frå 2.1.2023. Dato for oppstart kan justerast etter avtale.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)



# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

### Hausten 2022:

- 16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
- 26.8.2022: [Disputas Nanna Natalia Jørgensen](#), HVO
- 4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
- 1.9.-3.9.2022: [ITAC Teaching Artist verdskonferanse \(SEANSE\)](#), Oslo
- 6.9.2022: [Informasjonsmøte om EU-forskning](#), HVO
- 9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO
- 23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 29.9.-30.9.2022: [Forskingsleiarprogram - første samling](#)
- 6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterete lidingar hjå born og unge](#), HVO
- 24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)
- 27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

### Våren 2023:

- 19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

16.8.2022: [Opningshelsing til nye studentar \(English\)](#)

10.8.2022: [Kven blir ny HVO-rektor?](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Seanse - senter for kunstproduksjon](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)